



DET KONGELEGE  
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

# Prop. 37 L

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

---

Endringer i vassdragsreguleringsloven,  
energiloven og vannressursloven  
(kostnadsdekning for tilsyn og kontroll)



# Innhald

<b>1</b>	<b>Hovudinnhaldet i proposisjonen</b> .....	5	3.2.2	Endringar i vassdragsreguleringsloven .....	9
<b>2</b>	<b>Bakgrunn</b> .....	5	3.2.3	Endringar i energiloven .....	9
2.1	Gjeldande rett .....	5	3.3	Innspele frå høyringsinstansane .....	10
2.2	Behovet for endringar .....	6	3.4	Vurderinga til departementet .....	11
2.3	Høyringa .....	7			
<b>3</b>	<b>Endringar i vassdragsreguleringsloven, energiloven og vannressursloven</b> .....	7	<b>4</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar</b> .....	13
3.1	Gjeldande rett .....	7	<b>5</b>	<b>Merknader til dei enkelte føresegnene</b> .....	13
3.1.1	Vannressursloven § 58.....	7			
3.1.2	Vassdragsreguleringsloven § 31....	8			
3.1.3	Energiloven § 10-1 og § 9-6 .....	8			
3.2	Høyringsforslaget frå departementet .....	8			
3.2.1	Endringar i vannressursloven.....	8			
				<b>Forslag til lov om endringar i vassdragsreguleringsloven, energiloven og vannressursloven (kostnadsdekning for tilsyn og kontroll)</b> .....	16





# Prop. 37 L

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

## Endringar i vassdragsreguleringsloven, energiloven og vannressursloven (kostnadsdekning for tilsyn og kontroll)

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet 16. desember 2022,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### **1 Hovudinnhaldet i proposisjonen**

Olje- og energidepartementet foreslår endringar i føresegnene om dekning av kostnader til tilsyn og kontroll i følgjande lover på energi- og vassdragsområdet:

- Lov 14. desember 1917 nr. 17 om regulering og kraftutbygging i vassdrag (vassdragsreguleringsloven)
- Lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energiloven)
- Lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann (vannressursloven)

Departementet foreslår endringar i vannressursloven § 58, vassdragsreguleringsloven § 31 og energiloven §§ 9-6 og 10-1 ved at det blir teke inn heimlar til å krevje inn sektoravgift til dekning av kostnader til tilsyns- og kontrollarbeid. Dei gjeldande lovføresegnene gjev heimel for å krevje inn gebyr, og endringsforslaget vil supplere heimelsgrunnlaget i tråd med Noregs vassdrags- og energidirektorats (NVE) praksis for dekning av kostnader til arbeid med tilsyn og kontroll.

Vidare blir det foreslått nokre mindre presiseringar i dei aktuelle lovføresegnene om at gebyret eller sektoravgifta skal knyte seg til «tilsyns- og

kontrollarbeid». I føresegna om gebyr eller sektoravgift i energiloven § 9-6 blir det foreslått presisert at heimelen knytter seg til arbeid med kraftforsyningsberedskap. Der dei ovannemnde føresegnene bruker omgrepet «utgifter», blir det foreslått å erstatte dette med omgrepet «kostnader».

Vidare blir det foreslått å innføre heimlar i vassdragsreguleringsloven § 31 og energiloven §§ 9-6 og 10-1 for departementet til å regulere gebyr eller sektoravgift nærmare i forskrift. Det blir foreslått at gebyr eller sektoravgift etter energiloven og vassdragsreguleringsloven skal vere tvangsgrunnlag for utlegg, og at det skal betalast forseinkingsrente ved for sein betaling, slik gjeldande føresegn for kostnadsdekning i vannressursloven § 58 legg opp til.

### **2 Bakgrunn**

#### **2.1 Gjeldande rett**

Etter delegering frå departementet fører NVE i dag mellom anna miljøtilsyn med vassdragstiltak, tilsyn med damtryggleik, miljøtilsyn med elektriske anlegg, tilsyn med vedlikehald og modernisering av elektriske anlegg og tilsyn med fjern-

varme. Kostnadene ved desse tilsynsordningane er det konsesjonærane som dekkjer.

Dekning av kostnader til miljøtilsyn med vassdragsanlegg har heimel i vassdragsreguleringsloven § 31 og forskrift om internkontroll etter vassdragslovgivningen (IK-vassdrag) § 12, jf. vannressursloven § 58. Dekning av kostnader til tilsyn med damtryggleik har heimel i damtryggleiksforskrifta § 8-3 og IK-vassdrag § 12, jf. vannressursloven § 58. Krav om dekning av kostnader til miljøtilsyn med elektriske anlegg, tilsyn med vedlikehald og modernisering av elektriske anlegg og tilsyn med fjernvarme har heimel i energiloven § 10-1.

I tillegg dekkjer einingar i kraftforsyningens beredskapsorganisasjon (KBO-einingane) NVE sine kostnader til arbeidet med kraftforsyningsberedskap. Det er heimel for å krevje dekning av kostnader til arbeidet med kraftforsyningsberedskap i energiloven § 9-6 og kraftberedskapsforskrifta § 8-7.

Sett bort frå dekning av kostnader til miljøtilsyn med elektriske anlegg, som i dag skjer gjennom ei gebyrordning, praktiserer NVE sektoravgiftsordningar for dekning av kostnader knytte til det ovannevnte arbeidet med tilsyns-, kontroll- og kraftforsyningsberedskap.

Statsforvaltaren og Miljødirektoratet er ansvarlege for oppfølging av naturforvaltningsvilkår gjevne i medhald av vassdragskonsesjonar. Med heimel i konsesjonen fakturerer Miljødirektoratet konsesjonæren i etterkant av tilsyn med pålegg gjeve i medhald av naturforvaltningsvilkåret. Endringsforslaget grip ikkje inn i høvet til dekning av kostnader ved tilsyn og kontroll når dette er heimla i konsesjon.

## 2.2 Behovet for endringar

Frå 1. januar 2016 tok nytt rundskriv R-112/15 *Bestemmelser om statlig gebyr- og avgiftsfinansiering* frå Finansdepartementet til å gjelde. R-112/15 erstattar rundskriv R-4/2006 og R-112/2006. Rundskrivet gjeld i utgangspunktet for alle gebyr og sektoravgifter som inngår i finansieringa av statleg fastsette tenester, til dømes kontroll og tilsyn. Rundskrivet fastset vilkår for korleis gebyr og sektoravgifter bør fastsetjast og administrerast.

Det går fram av rundskrivet at eit gebyr skal dekkje ei klart definert teneste som det offentlege utfører overfor betalaren, og det skal ikkje betalast for noko anna eller meir. Ei sektoravgift skal finansiere fellestiltak overfor ei næring eller ein sektor, og aktørar som tilhøyrrer eller har ei nær

tilknytning til sektoren, er dei som betaler avgifta. Vidare følgjer det av rundskrivet at både gebyr og sektoravgifter skal heimlast i lov, og at utfyllande føresegner blir gjevne i forskrift.

Det bør gå fram av lovgrunnlaget om ordninga gjeld gebyr eller sektoravgift, kva det blir lagt gebyr eller avgift på, kven som kan fastsetje og endre satsar, inntektskrav til ordninga, og korleis inntektene skal nyttast. Lova bør også innehalde fullmakter til å gje utfyllande føresegner om kva som er omfatta av betalingsplikta, kva som er berekningsgrunnlaget, i tillegg til kven som er ansvarleg for regelverk, innkrevjing og kontroll. Reglar om administrative reaksjonar eller straff bør gå fram av lova eller forskrifta.

Kostnadene NVE har til arbeidet med tilsyn, kontroll og kraftforsyningsberedskap, blir i dag i praksis dekte hovudsakleg gjennom sektoravgiftsordningar. For kostnader til miljøtilsyn med elektriske anlegg er det praktisert ei gebyrordning. I vannressursloven, vassdragsreguleringsloven og energiloven, med tilhøyrande forskrifter, er likevel omgrepet «gebyr» brukt gjennomgåande. For at regelverket og omgrepsbruken skal samsvare med føresegnene i R-112/15, og for å sørgje for at det ligg føre klar heimel til å krevje inn sektoravgift til dekning av kostnader til arbeid med tilsyn, kontroll og kraftforsyningsberedskap, er det behov for å endre på føresegnene i vassdrags- og energiregelverket om dekning av kostnader ved at omgrepet «sektoravgift» blir teke inn som ein alternativ måte for kostnadsdekning. I energiloven og vassdragsreguleringsloven er det også behov for heimel til å gje utfyllande føresegner om gebyr eller sektoravgift i forskrift, slik føresegnene i R-112/15 legg opp til.

Vidare er det behov for ei meir einskapleg utforming av dei ulike lov- og forskriftsføresegnene på energi- og vassdragsområdet om kostnadsdekning for arbeid med tilsyn, kontroll og kraftforsyningsberedskap. Når det gjeld kva som kan krevjast dekt, er til dømes omgrepet «utgifter» brukt i energiloven og vassdragsreguleringsloven, medan omgrepet «kostnader» er brukt i vannressursloven. Vidare går det eksplisitt fram av vannressursloven § 58 at gebyr er tvangsgrunnlag for utlegg, og at det skal svarast rente etter forseinkingsrentelova dersom gebyret ikkje blir betalt til forfallstid. Noka tilsvarende regulering om tvangsgrunnlag og forseinkingsrente går ikkje fram av energiloven §§ 9-6 og 10-1 eller vassdragsreguleringsloven § 31.

For å sørgje for at den som fører tilsyn og kontroll eller arbeider med kraftforsyningsberedskap, til kvar tid bereknar gebyret eller sektoravgifta på

grunnlag av oppdaterte data, er det også behov for ein heimel til å gje forskriftsføresegner om innrapportering av opplysningar som er nødvendige for den nemnde berekninga.

### 2.3 Høyringa

*Forslag til endringer i lov- og forskriftsbestemmelser om dekning av kostnader til arbeid med tilsyn, kontroll og kraftforsyningsberedskap på energi- og vassdragsområdet* vart sendt på høyring 20. mai 2022. Høyringsfristen vart sett til 19. august 2022.

Høyringsnotatet vart sendt til følgjande instansar:

Departementa

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap  
Miljødirektoratet  
Statsforvaltarane

Sametinget

Fylkeskommunane

Distriktsenergi  
Energi Norge  
KS – Kommunesektorens organisasjon  
Landssamanslutninga av vasskraftkommunar  
Landssammenslutninga av Norske Vindkraftkommuner  
Norsk Bioenergiforening  
Norsk Fjernvarme  
Norsk solenergiforening  
Norwea  
Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)  
Samfunnsbedriftene  
Småkraftforeninga

Departementet fekk i alt sju høyringssvar. Av desse var fem realitetsmerknader. Følgjande høyringsinstansar hadde realitetsmerknader:

Miljødirektoratet

Statkraft

Energi Norge  
Distriktsenergi  
Samfunnsbedriftene

Justis- og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet svara at dei ikkje hadde merknader.

## 3 Endringar i vassdragsreguleringsloven, energiloven og vannressursloven

### 3.1 Gjeldande rett

#### 3.1.1 Vannressursloven § 58

Vannressursloven § 58 gjev vassdragsmyndigheita heimel til å vedta forskrift om gebyr for kontroll med vassdragstiltak. Gebyrsatsane skal setjast slik at gebyra samla ikkje overskrid kostnadene vassdragsmyndigheita har til kontrollen. Det same gjeld ved gebyr for tiltak etter vannressursloven § 40 første ledd andre punktum, som gjeld dersom vassdragsmyndigheita må sørgje for nødvendig vedlikehald eller nedlegging av eit vassdragstiltak dersom den ansvarlege openbert er ute av stand til å rette seg etter vedlikehaldsplikta.

Av forarbeida til føresegna i Ot.prp. nr. 39 (1998–99), på side 364, går det fram at vannressursloven § 58 første punktum gjev heimel for å gje forskrift om gebyr for kontrollen vassdragsmyndigheita har med vassdragstiltak, og for tiltak etter § 40 første ledd andre punktum. Gebyra kan standardiserast og treng ikkje fastsetjast ut frå utgiftene knytte til den enkelte kontrollen. Gebyrplikta vil som utgangspunkt falle på konsesjonhavaren, men dette kan det gjevast nærmare reglar om i forskrifta.

Det går vidare fram at § 58 andre punktum set ei ramme for gebyrsatsane, som må setjast slik at gebyra samla ikkje overskrid kostnadene vassdragsmyndigheita har til kontrollen, og dei vedlikehaldstiltaka som vassdragsmyndigheita er pålagt å utføre i medhald av § 40 første ledd andre punktum. Som kostnader med kontrollen er det ikkje berre dei direkte utgiftene som blir rekna, men også indirekte administrative kostnader.

I medhald av vannressursloven § 58 er det gjeve føresegner om gebyr til dekning av kostnader for tilsyn etter forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga i forskrifta § 12 og om gebyr til dekning av kostnader ved tilsyn, kontroll og godkjenning frå NVE etter damtryggleiksforskrifta § 8-3.

Etter delegering frå departementet fører NVE miljøtilsyn med vassdragstiltak og damtilsyn. Kostnadene med miljøtilsynet er det konsesjonærane som dekkjer, med heimel i vassdragsreguleringsloven § 31 og IK-vassdrag § 12, jf. vannressursloven § 58. Kostnadsdekninga skjer gjenom ei sektoravgiftsordning der kostnadene blir fordelte på dei med konsesjon til kraftproduksjon på grunnlag av den årlege middelproduksjonen i

kraftverket, jf. IK-vassdrag § 12 tredje ledd. Kostnadene med damtilsynet blir dekte gjennom sektoravgifter som blir fastsette basert på dambrottskonsekvens, høgd og oppdemt magasinvolym, jf. damtryggleiksforskrifta § 8-3 og IK-vassdrag § 12 andre ledd.

### 3.1.2 Vassdragsreguleringsloven § 31

Det følgjer av vassdragsreguleringsloven § 31 andre punktum at utgiftene til kontroll med etterleving av vilkåra fastsette i eller i medhald av konsesjon etter lova kan krevjast dekte av konsesjonæren. Etter føresegnene må konsesjonæren tole den kontrollen med etterleving av dei fastsette vilkåra i konsesjonen eller i medhald av denne som departementet finn nødvendig. Utgifter med kontrollen kan krevjast dekte av konsesjonæren. Saman med vannressursloven § 58 gjev føresegna heimel for at NVE kan krevje å få dekt kostnadene knytte til miljøtilsyn med vassdragstiltak.

### 3.1.3 Energiloven § 10-1 og § 9-6

Etter energiloven § 10-1 fører departementet kontroll med at føresegner gjevne i eller i medhald av energiloven blir følgde. I energiloven § 10-1 første ledd er det fastsett at utgiftene til kontroll knytte til energiloven kapittel 3 og kapittel 5 skal betalast av konsesjonæren. Departementet kan gje dei pålegga som er nødvendige for gjennomføringa av føresegner i eller i medhald av energiloven, og fører kontroll med at føresegner gjevne i eller i medhald av lova blir følgde. Dette gjeld tilsvarende for reguleringsmyndigheita for energi, der ho er gjeven myndigheit etter denne lova. Utgiftene til kontroll knytte til kapittel 3 og 5 og § 4-2 skal betalast av konsesjonæren. Myndigheita til å føre kontroll etter energiloven § 10-1 er delegert til NVE.

Dei noverande tilsynsordningane er miljøtilsyn med elektriske anlegg, tilsyn med vedlikehald og modernisering av elektriske anlegg og tilsyn med fjernvarmeanlegg. Kostnadene med miljøtilsyn med elektriske anlegg blir dekte av den enkelte konsesjonæren som har fått tilsyn. I praksis er utmålinga av gebyr basert på timeføringa frå saksbehandlaren. Kostnadene med tilsyn med vedlikehald og modernisering av elektriske anlegg blir dekte av nettselskap med inntektsramme, gjennom sektoravgift som er fastsett på grunnlag av storleiken på inntektsramma. Kostnadene med tilsyn med fjernvarme blir dekte gjennom ei sektoravgift som er fastsett på grunnlag av varmesalet til konsesjonæranane, i tillegg til ein fast del.

Etter energiloven § 9-6 kan beredskapsmyndigheita krevje gebyr frå einingar i Kraftforsyningens beredskapsorganisasjon (KBO) til dekning av utgifter ved arbeidet som beredskapsmyndigheita gjer med kraftforsyningsberedskap. Utgiftene blir utlikna på eigarar og brukarar av dei anlegga som dette kapitlet omfattar. Som beredskapsmyndigheit krev NVE inn kostnadene med arbeidet med kraftforsyningsberedskap gjennom sektoravgifter som blir fastsette for den enkelte KBO-eininga på grunnlag av installert yting i klassifiserte anlegg og nettstasjonar, jf. kraftberedskapsforskrifta § 8-7.

## 3.2 Høyringsforslaget frå departementet

### 3.2.1 Endringar i vannressursloven

Departementet foreslo at vannressursloven § 58 blir endra ved at omgrepet «sektoravgift» blir teke inn i lovteksten. Kostnader til miljøtilsyn med vassdragstiltak og kostnader til tilsyn med damtryggleik blir i dag dekte gjennom sektoravgiftsordningar. Endringa vil klargjere at vassdragsmyndigheita har heimel til å krevje inn sektoravgift til dekning av kostnadene med tilsyns- og kontrollarbeidet. Endringa vil gje ein klarare samanheng mellom lovtekst og gjeldande praksis for dekning av kostnader. Det vart foreslått å halde på ordet «gebyr» i lovteksten som eit alternativ til sektoravgift.

For å gjere det tydeleg at gebyret eller sektoravgifta ikkje treng å knytte seg til kontroll i snevraste meining, foreslo departementet at omgrepet «kontroll» i første punktum blir erstatta med «tilsyn- og kontrollarbeid». Det er kostnadene vassdragsmyndigheita har med tilsyns- og kontrollarbeid i vid forstand, som skal dekkjast gjennom sektoravgifta eller gebyret. Under dette kjem mellom anna kostnader til oppgåver og aktivitetar knytte til kontroll, reaksjonsbruk, arbeid med rettleiingar, saksbehandling i samband med godkjenning av detaljplanane til konsesjonæren og regelverksutvikling. Kostnader knytte til NVE si behandling av konsesjonssøknader fell utanfor det som kan krevjast inn gjennom gebyr eller sektoravgift etter vannressursloven § 58.

Det vart også foreslått at departementet får heimel til å gje forskriftsføresegn om innrapportering av opplysningar som er nødvendige for å berekne gebyret eller sektoravgifta. NVE sine gjeldande ordningar for kostnadsdekning knytte til arbeid med tilsyn, kontroll og kraftforsyningsberedskap, med unntak av dekning av kostnader til miljøtilsyn med elektriske anlegg, byggjer på



anleggsdata og andre former for opplysningar som konsesjonæren kan ha. Til dømes blir sektoravgift for miljøtilsyn med vassdragsanlegg berekna ut frå årleg middelproduksjon i anlegg for kraftproduksjon, medan sektoravgift for tilsyn med fjernvarmeanlegg mellom anna blir berekna ut frå varmesalet til det enkelte selskapet. Det er viktig at gjeldande og eventuelle framtidige modellar for berekning av gebyr og sektoravgift byggjer på data som NVE har enkel tilgang til, og som er oppdaterte. Eit høve til å vedta forskriftsføresegn om innrapportering av opplysningar vil sørge for det. Ei innrapporteringsplikt for konsesjonærane vil kunne vere aktuelt dersom gebyret eller sektoravgifta byggjer på data som ikkje alle- reie er tilgjengelege og oppdaterte i NVE sine databasar.

### 3.2.2 Endringar i vassdragsreguleringsloven

Departementet foreslo endringar i vassdragsreguleringsloven § 31 ved at omgrepa «sektoravgift» og «gebyr» blir tekne inn som alternative moglegheiter for kostnadsdekning. Vidare foreslo departementet at omgrepet «kontroll» i andre punktum i føresegna skulle erstattast med «tilsyns- og kontrollarbeid». Grunngevinga er den same som for dei foreslåtte endringane i vannressursloven § 58.

Departementet foreslo i høyringa at omgrepet «utgifter» blir erstatta med «kostnader». Utgift er eit uttrykk for utbetalingar for ytingar, medan kostnad er eit uttrykk for bruken av ressursar. Det som blir kravd dekt, er ressursforbruken til NVE knytt til tilsyns- og kontrollarbeid, inkludert kalkulatoriske kostnader. Slik departementet ser det, reflekterte omgrepet «kostnader» dette best. Omgrepet «kostnader» er også brukt i vannressursloven § 58. NVE fører miljøtilsyn med vassdragstiltak, som omfattar tilsyns- og kontrollarbeid med etterleving av reglar gjevne i eller i medhald av både vannressursloven og vassdragsreguleringsloven. Det er ønskjeleg med einskapleg omgrepsbruk i føresegnene som gjev heimel for kostnadsdekning for miljøtilsyn.

Vidare foreslo departementet å ta inn ein heimel til å vedta forskrift om gebyr eller sektoravgift til dekning av tilsyns- og kontrollarbeid med etterleving av dei fastsette vilkåra i konsesjonen eller i medhald av denne. Forslaget legg til rette for at sektoravgifta eller gebyret kan regulrast nær- mare i forskrift. Dette vil vere i tråd med føringane i Finansdepartementets rundskriv R-112/15 om at utfyllande føresegner om gebyr og sektoravgifter skal gjevast i forskrift.

I tillegg foreslo departementet heimel til å gje forskriftsføresegn om innrapportering av opplysningar som er nødvendige for å berekne gebyret eller sektoravgifta. Vi viser til den same grunngevinga som i forslaget til endringar i vannressursloven § 58.

Departementet foreslo at gebyret eller sektoravgifta blir gjorde til tvangsgrunnlag for utlegg, og at det skal svarast rente som fastsett i forseinkingsrentelova dersom gebyret eller sektoravgifta ikkje blir betalte til forfallstid, slik gjeldande vassressurslov § 58 legg opp til.

### 3.2.3 Endringar i energiloven

Departementet foreslo i høyringa at energiloven § 10-1 blir endra ved at heimelen for dekning av kostnader til tilsyns- og kontrollarbeid knytte til energiloven kapittel 3 og 5 blir skilde ut i eit eige ledd, og at omgrepa «gebyr» og «sektoravgift» blir tekne inn som alternative middel for kostnadsdekning. For tilsyn og kontroll med konsesjonærar for utanlandssamband etter energiloven § 4-2 vart det foreslått å halde på gjeldande lovtekst. Endringa vil innebere at miljøtilsyn med elektriske anlegg, tilsyn med vedlikehald og modernisering og tilsyn med fjernvarmeanlegg får ein klar heimel for ei sektoravgiftsordning, i tråd med føringane i Finansdepartementets rundskriv R-112/15.

Gebyret eller sektoravgifta skal knyte seg til kostnader med NVE sitt «tilsyns- og kontrollarbeid». Det treng ikkje å knyte seg til kontroll i snevraste meining. Det er kostnadene NVE har med tilsyns- og kontrollarbeid i vid forstand, som skal dekkjast gjennom sektoravgifta eller gebyret. Under dette kjem mellom anna kostnader til oppgåver og aktivitetar knytte til kontroll, reaksjonsbruk, arbeid med rettleiingar, saksbehandling i samband med godkjenning av detaljplanane til konsesjonæren og regelverksutvikling. Kostnader knytte til NVE si behandling av konsesjonssøknader fell utanfor det som kan krevjast inn gjennom gebyr eller sektoravgift etter energiloven § 10-1.

Departementet foreslo at omgrepet «sektoravgift» blir innført som alternativ til gebyr i føresegna om dekning av kostnader til arbeidet beredskapsmyndigheita har til kraftforsyningsberedskap etter energiloven § 9-6. Det går fram av gjeldande § 9-6 andre punktum at «utgiftene utlignes på eiere og brukere av de anlegg dette kapittelet omfatter». Departementet foreslo å ta inn omgrepet «sektoravgift» slik at heimelsgrunnlaget blir klarare.

Det vart foreslått at omgrepet «utgifter» blir erstatta med «kostnader» i §§ 9-6 og 10-1. Utgift er

eit uttrykk for utbetalingar for ytingar, medan kostnad er eit uttrykk for forbruk av ressursar. Det som blir kravd dekt, er ressursforbruken til NVE knytt til arbeid med tilsyn, kontroll og kraftforsyningsberedskap, inkludert kalkulatoriske kostnader. Det er omgrepet «kostnader» som best reflekterer dette. Omgrepet «kostnader» er dessutan nytta i gjeldande vassressurslov § 58 og foreslått nytta i vassdragsreguleringsloven § 31 i dette lovforslaget. Departementet kan ikkje sjå at det er grunn til at føresegnene om kostnadsdekning etter energiloven, vannressursloven og vassdragsreguleringsloven skal vere ulike på dette punktet.

Vidare foreslo departementet å ta inn ein heimel til å vedta forskrift om sektoravgift til dekning av kostnader med tilsyns- og kontrollarbeidet knytte til energiloven kapittel 3 og 5. Tilsvarende forskriftsheimel vart foreslått for § 9-6. Energiloven § 10-6 inneheld allereie ein generell forskriftsheimel, men ved å vedta ei føresegn som uttrykkjeleg fastslår at gebyr eller sektoravgift kan regulerast nærmare i forskrift, understrekar ein at det blir lagt opp til ei regulering som er i tråd med føringane i R-112/15, om at utfyllande føresegner om gebyr og sektoravgifter skal gjevast i forskrift.

I tillegg foreslo departementet heimel til å gje forskriftsføresegn om innrapportering av opplysningar som er nødvendige for berekninga av gebyret eller sektoravgifta. Det vart vist til grunngevinga som gjeld tilsvarende endringsforslag til vannressursloven § 58, i punkt 3.1.2 i høyringsnotatet.

Det vart foreslått at gebyret eller sektoravgifta etter § 10-1 for tilsyns- og kontrollarbeidet knytt til energiloven kapittel 3 og 5, og etter § 9-6 for arbeid med kraftforsyningsberedskap, blir gjorde til tvangsgrunnlag for utlegg. Det vart vidare foreslått at det skal svarast rente som fastsett i forseinkingsrentelova dersom gebyret eller sektoravgifta ikkje blir betalt til forfallstid, slik gjeldande vassressurslov § 58 legg opp til.

I energiloven § 9-6 annet punktum heiter det at «utgiftene utlignes på eiere og brukere av de anlegg dette kapitlet omfatter». KBO-einingane omfattar ikkje berre «anlegg», men også system og anna som har vesentleg betydning for drift eller gjenoppretting av eller tryggleiken i produksjon, omforming, overføring, omsetning eller fordeling av elektrisk energi eller fjernvarme, jf. energiloven § 9-1 og kraftberedskapsforskrifta § 2-1. Departementet foreslo derfor ei endring i ordlyden ved at kostnadene skal utliknast på «de enheter som omfattes av energiloven § 9-1 første ledd, eller som er utpekt som KBO-enhet i medhold av kraftberedskapsforskriften § 3-1 annet

ledd», i staden for «eiere og brukere av de anlegg dette kapitlet omfatter». Endringa gjev betre samsvar med første punktumet i føresegna om at det kan krevjast gebyr frå «enheter i KBO», og ho medfører at lovtæksten betre speglar av verkeområdet til kapitlet.

### 3.3 Innspela frå høyringsinstansane

*Distriktsenergi* støttar endringsforslaget og meiner det er fornuftig at omgrepsbruken i regelverket som gjeld dekning av kostnader for NVE sitt arbeid med tilsyn, kontroll og kraftforsyningsberedskap, samsvarer med føresegnene i Finansdepartementets rundskriv R-112/15 og NVE sin praksis for kostnadsdekning. Distriktsenergi går ut frå at endringsforslaga vil kunne gjere saksbehandlinga knytt til innkrevjinga av kostnader til NVE sitt tilsyns- og kontrollarbeid lettare. Distriktsenergi håper at det at endringsforslaget ikkje inneber nokre økonomiske eller administrative konsekvensar av betydning på myndighetsnivå, blir overhalde i praksis. Distriktsenergi ser det som svært viktig at ein ny berekningsmodell for kostnadsdekning på tilsynsområdet ikkje resulterer i auka kostnadsdekning for NVE sitt arbeid med tilsyn, kontroll og kraftforsyningsberedskap. Distriktsenergi oppmodar OED og NVE om å sjå på moglegheitene for å effektivisere arbeidet med tilsyn og kontrollarbeid.

*Energi Norge* viser til beskrivinga av gebyr i rundskriv R-112/15 om statleg gebyr- og avgiftsfinansiering frå Finansdepartementet og i høyringsnotatet. Energi Norge saknar ei utgreiing for det endra grunnlaget for at gebyret eller sektoravgifta skal dekkje NVE sine kostnader med tilsyns- og kontrollarbeid i vid forstand, irekna ei grunngeving for ei slik endring. Energi Norge saknar vidare ei utgreiing om kva for eventuelle økonomiske og administrative konsekvensar endringa vil ha, og den praksisen som NVE har i dag med tanke på dekning av kostnader til arbeid med tilsyn, kontroll og kraftforsyningsberedskap. Energi Norge etterlyser også ei klargjering av om endringsforslaget berre gjeld dekning av NVE sine kostnader, eller om det også omfattar kostnadene andre myndigheter har i samband med tilsyn og kontroll etter same lovverket. Dette gjeld særleg Miljødirektoratet og statsforvaltaren. I fråsegna ser Energi Norge fram til å få forslag til ny berekningsmodell for tilsynsområdet på høyring når denne ligg føre.

*Samfunnsbedriftene Energi* meiner at det kan vere ei fornuftig endring frå omgrepet «gebyr» til omgrepet «sektoravgift». Det blir peikt på at end-

ringane vil utvide omfanget av omgrepa til å kunne inkludere fleire element som subjekta må betale for. Samfunnsbedriftene Energi har forståing for ønsket om ein samordna heimla omgrepsbruk i regelverket, men er skeptisk til formuleringane i høyringsnotatet om at kostnadene for tilsyn og kontroll skal tolkast i vid forstand, ettersom dei er opptekne av at samordninga i omgrepsbruken ikkje skal resultere i større kostnader for debitorane. Det vart i denne samanhengen vist til utsegna i kapittel 4 i høyringsnotatet om at «forslaget innebærer ingen endringer med tanke på omfanget av hvilke kostnader som kreves inn til dekning for NVEs arbeid med tilsyn, kontroll og kraftforsyningsberedskap». Samfunnsbedriftene Energi uttaler at unødvendig rapportering bør unngåast, og at dei forventar at data som allereie er tilgjengelege for myndighetene gjennom eksisterande rapporteringar frå selskapa, blir nytta også til dette formålet.

*Statkraft Energi AS* viser til at dekning av kostnader til tilsynsverksemd gjennom gebyr synest klart føresett av lovgjevar i samband med vedtakinga av vannressursloven i 2000. Det blir vist til at oppgåvene miljø- og damtilsynet har, er klart definerte tenester som det er naturleg å dekkje gjennom ei gebyrløysing. *Statkraft Energi AS* meiner at det ikkje grunnlag for å endre frå gebyr til sektoravgift. Slik dei oppfattar det, kan opplysninga om at NVE delvis har administrert gjeldande gebyrordning som ei sektoravgiftsordning, vere ein del av forklaringa på at det ikkje har vore samsvar mellom dei gebyra som bransjen betaler for damtilsyn, og dei kostnadene ein reknar med at NVE har i samband med tilsyna. *Statkraft Energi AS* meiner at det ikkje er tilfredsstillande at konsekvensane ein ny berekningsmodell får for aktørane, først skal greiast ut i neste omgang. Den primære bekymringa for *Statkraft Energi AS* er ikkje storleiken på gebyret, men at NVE sitt tilsynsarbeid er tilstrekkeleg finansiert.

*Miljødirektoratet* støttar forslaget om endringar i lov- og forskriftsføresegner om kostnadsdekning til arbeid med tilsyn og kontroll. Det blir likevel bede om at det blir gjort ei ytterlegare endring som inneber at oppfølging av alle konsesjonsvilkåra, inklusive dei som omfattar naturforvaltning der myndigheita er delegert til miljøforvaltninga, inngår i forslaget til lovendringar. *Miljødirektoratet* meiner at ei slik endring ville gje grunnlag for meir føreseielege vilkår for konsesjonær og arbeidet til miljøforvaltninga. *Direktoratet* meiner at innføring av ei sektoravgift som også omfattar tilsyns- og kontrollarbeidet til miljømyndighetene innanfor delegert ansvarsområde

og same lovgrunnlag, er ei svært godt eigna og konsistent løysing, som også vil kunne gje ein betydeleg effektiviseringsvinst.

### 3.4 Vurderinga til departementet

Departementet viser til at dei foreslåtte endringane skal bidra til auka effektivitet i NVE sitt tilsyns- og kontrollarbeid, irekna i samband med innkrevjing av ei sektoravgift. Departementet held ved lag forslaget i tråd med det som var sendt på høyring.

Fleire av høyringsinstansane har innspel til det varsla arbeidet med ny berekningsmodell for kostnadsdekning på tilsynsområdet. På vegner av departementet har NVE i august 2022 sendt på høyring forslag til ny forskrift om sektoravgifter for dekning av kostnader til tilsyns- og kontrollarbeidet til direktoratet (høyringsdokumentnr. 2/2022). Innspel til den nye berekningsmodellen vil handterast i denne høyringsprosessen, og departementet går derfor ikkje nærmare inn på desse vurderingane her i proposisjonen.

Departementet foreslår ikkje at det blir gjort endringar av kva for kostnader som blir foreslått dekte gjennom ei sektoravgift, samanlikna med det som er praktiseringa av ordninga i dag. Departementet legg til grunn at ei sektoravgiftsordning kan dekkje inn eit breitt spekter av kostnadstypar i tilknytning til NVE sitt tilsyns- og kontrollarbeid og arbeid med kraftforsyningsberedskap. Dette tilsyns- og kontrollarbeidet omfattar mellom anna kostnader til oppgåver og aktivitetar knytte til kontroll, reaksjonsbruk, arbeid med rettleiingar, saksbehandling i samband med godkjenning av detaljplanane til konsesjonæren og regelverksutvikling.

Energi Norge etterlyser i høyringsinnspelet sitt at det blir greidd ut om den praksisen som NVE gjennomfører i dag når det gjeld dekning av kostnader til tilsyns- og kontrollarbeidet, og arbeidet med kraftforsyningsberedskap som direktoratet gjer. Kort samanfatta fører NVE i dag miljøtilsyn med vassdragstiltak, miljøtilsyn med energianlegg, tilsyn med drift, vedlikehald og modernisering av elektriske anlegg i tillegg til tilsyn med fjernvarmeanlegg. Kostnadene med desse tilsynsordningane er det konsesjonærene som dekkjer. Sett bort frå dekning av kostnader til miljøtilsyn med energianlegg som i dag skjer gjennom ei gebyrordning, praktiserer NVE sektoravgiftsordningar for dekning av kostnader knytte til det nemnde arbeidet med tilsyn og kontroll. Gjeldande praksis er nærmare omtala i høyringsdokumentet (nr. 2/2022).

Departementet understrekar at endringsforslaget ikkje inneber endringar med tanke på kva for myndigheiter som skal kunne dekkje kostnader gjennom gebyr eller sektoravgifter med heimel i til dømes vannressursloven § 58 eller vassdragsreguleringsloven § 31. Forslaget legg opp til ei vidareføring av gjeldande ordning, altså slik at det er kostnader med NVE sitt tilsyns- og kontrollarbeid som vil vere omfatta av desse føresegnene.

Statkraft viser til at dei ikkje kan sjå at det er grunnlag for å gjennomføre ei endring frå gebyr til sektoravgift. Departementet viser til at NVEs tilsyns- og kontrollarbeid etter damtryggleiksforskrifta, damtilsynet og NVEs miljøtilsyn med vassdragstiltak allereie i dag blir praktisert som ei sektoravgiftsordning. Ordninga for damtilsynet er mellom anna omtala slik i Prop. 1 S (2021–2022) for Olje- og energidepartementet, side 82:

Gebyrene beregnes og innkreves av NVE en gang i året. Det skrives ut en faktura til alle aktørene som omfattes av tilsynsvirksomheten uavhengig om det faktisk er gjennomført tilsynsaktivitet hos den enkelte aktør. Utformingen og innkrevningen av finansieringen av tilsynsutgiftene fra aktørene i sektoren er å betrakte som en sektoravgift i tråd med bestemmelser om statlig gebyr- og avgiftsfinansiering.

Når det gjeld kostnader til NVE sitt tilsyns- og kontrollarbeid, er desse finansierte over dei årlege budsjettløyvingane til direktoratet. Ei endring frå ei gebyrordning til ei sektoravgiftsordning vil følgjeleg ikkje påverke omfanget av NVE sitt arbeid med tilsyn, kontroll og kraftforsyningsberedskap direkte. Departementet meiner at ei sektoravgiftsordning er ei meir robust og fleksibel ordning for dekning av NVE sine kostnader innanfor tilsyns- og kontrollarbeid og arbeid med kraftforsyningsberedskap. Ei sektoravgiftsordning er meint å dekkje kostnader til fleire typar aktivitetar enn det ei gebyrordning gjer. I rundskriv R-112/15 *Bestemmelser om statlig gebyr- og avgiftsfinansiering* frå Finansdepartementet går det fram at sektoravgifter kan nyttast for å dekkje kostnader til «fellestiltak overfor en næring eller sektor dersom avgiften betales av aktører som tilhører eller har en nær tilknytning til sektoren (for eksempel i forbindelse med virksomheten til tilsynsorganer).»

Departementet viser til at det ikkje er tale om noka endring av kva for kostnader som blir fore slått dekte gjennom ei sektoravgift, samanlikna

med måten noverande ordning på området blir praktisert. Departementet viser til at ei sektoravgiftsordning er meint å fange opp fleire typar kostnader enn berre kostnader til klassiske kontrollaktivitetar som revisjon og inspeksjon. Samanlikna med ei gebyrordning vil ei sektoravgiftsordning også kunne dekkje kostnader til tilsyns- og kontrollarbeid i vid forstand, til dømes også kostnader til arbeid med rettleingar og regelverksarbeid.

Departementet gjer merksam på at NVE i samband med arbeidet med forslag til ny forskrift om sektoravgift for tilsyns- og kontrollarbeidet til direktoratet har gjennomført nye berekningar av kostnadene for tilsyns- og kontrollarbeidet til direktoratet, der også indirekte kostnader er medrekna. Konesjonærar vil derfor kunne oppleve ein auke i sektoravgifta, sjølv om dei etter det framlagde forslaget til ny forskrift skulle ha bore ein mindre del av NVE sine kostnader med tilsyns- og kontrollarbeidet. Departementet presiserer at dette er endringar som ikkje følgjer verken av dette lovforslaget eller forskriftsforslaget som NVE har sendt ut på høyring, men som vil bli gjennomførte uavhengig av desse.

I høyringsdokument 2/2022 er det gjort nærare greie for ny berekningsmodell og dei økonomiske og administrative konsekvensane av dette forslaget. Departementet viser til at innspel til den nye berekningsmodellen blir handterte vidare i høyringsprosessen for den nye forskrifta.

Når det gjeld høyringsfråsegna frå Miljødirektoratet, viser departementet til at Miljødirektoratet og statsforvaltaren er ansvarlege for oppfølginga av naturforvaltningsvilkår som er sette i vassdragskonesjonar i medhald av vassdragslov-gjevinga. Myndigheita for dette går direkte frå konsesjonsvilkåret. Det er i dag ikkje delegert myndigheit etter tilsyns- og kontrollføresegnene i vannressursloven eller vassdragsreguleringsloven.

Departementet meiner at noverande situasjon der Miljødirektoratet og statsforvaltaren fakturerer for tilsynsaktivitetane sine med heimel i naturforvaltningsvilkåret, bør førast vidare slik dette er i dag. Departementet viser til at innspelet frå Miljødirektoratet om at tilsyns- og kontrollaktiviteten deira også skal omfattast av sektoravgiftsordninga i vassdragslov-gjevinga, vil krevje ei større vurdering og eventuell delegering av myndigheit etter dei aktuelle føresegnene i vassdragslov-gjevinga. Departementet understrekar at endringsforslaga i denne høyringa ikkje grip inn i høvet til dekning av kostnader ved tilsyn og kontroll når dette er heimla i vilkåra i ein konsesjon.

## 4 Økonomiske og administrative konsekvensar

---

Lovendringsforslaget består i hovudsak av endringar og presiseringar av eksisterande føresegnar om kostnadsdekning for NVE sitt arbeid med tilsyn, kontroll og kraftforsyningsberedskap for at omgrepsbruken i regelverket skal samsvare med føresegnene i Finansdepartementets rundskriv R-112/15 og NVE sin praksis for kostnadsdekning.

Forslaget inneber ingen endringar med tanke på omfanget av kva for kostnader som krevst inn til dekning for NVE sitt arbeid med tilsyn, kontroll og kraftforsyningsberedskap.

Endringsforslaga som går ut på at gebyr og sektoravgift etter energiloven og vassdragsreguleringsloven skal vere tvangsgrunnlag for utlegg, vil kunne gjere saksbehandlinga knytt til innkrevjing lettare dersom det oppstår ein situasjon der konsesjonæren ikkje vil betale gebyret eller avgifta. Utover dette har ikkje forslaget økonomiske eller administrative konsekvensar av betydning på myndighetsnivå.

Forslaget til ny forskrift om sektoravgifter for dekning av kostnader til tilsyns- og kontrollarbeidet til direktoratet (høyringsdokumentet (nr. 2/2022)) vil kunne resultere i endringar med tanke på fordelinga av kostnader mellom konsesjonærene, men det vil ikkje resultere i auka kostnadsdekning for NVE sitt arbeid med tilsyn, kontroll og kraftforsyningsberedskap. Dei økonomiske og administrative konsekvensane av ein endra berekningsmodell er belyste i høyringsdokument (nr. 2/2022). Departementet viser til at innspel til den nye berekningsmodellen vil handterast i denne høyringsprosessen.

## 5 Merknader til dei enkelte føresegnene

---

### *Endringar i vassdragsreguleringsloven § 31*

Det blir foreslått at omgrepa «gebyr» og «sektoravgift» blir tekne inn i første ledd andre punktum i føresegna som alternative moglegheiter for kostnadsdekning. Dette inneber ei presisering med tanke på korleis kostnadsdekninga skal skje, samanlikna med gjeldande lovtekst som berre fastslår at utgifter med kontrollen kan krevjast dekte av konsesjonæren. For å reflektere betre at det er ressursforbruken til NVE, ikkje berre utbetalingar for ytingar, som kan krevjast dekte av konsesjonærene, blir det foreslått at omgrepet «utgifter»

blir erstatta med «kostnader». Vidare blir det foreslått at kostnadene skal knyte seg til «tilsyns- og kontrollarbeid». Dette er tilsvarande formuleringa som er foreslått i vannressursloven § 58.

Det er kostnadene vassdragsmyndigheita har med tilsyns- og kontrollarbeid i vid forstand, som kan krevjast dekte, irekna kostnader til oppgåver og aktivitetar knytte til kontroll, reaksjonsbruk, arbeid med rettleiingar, saksbehandling i samband med godkjenning av detaljplanane til konsesjonæren og regelverksutvikling. Kostnader som vassdragsmyndigheita har pådrege seg før konsesjon er gjeven, fell utanfor.

Det blir foreslått eit nytt andre ledd som gjev departementet heimel til å nærmare regulere innkrevjing av gebyr eller sektoravgift i forskrift. For å sikre NVE tilgang til oppdaterte opplysningar som er nødvendige for berekninga av gebyret eller sektoravgifta, blir det foreslått at forskriftsheimelen også skal omfatte innrapportering av opplysningar som er nødvendige for denne berekninga.

Til sist blir det foreslått eit nytt tredje ledd om at gebyret eller sektoravgifta skal vere tvangsgrunnlag for utlegg, og at det skal svarast forseinkingsrente dersom det ikkje er betalt ved fall, slik det følgjer av gjeldande vannressursloven § 58 tredje og fjerde punktum.

### *Endringar i vannressursloven § 58*

Det blir foreslått at omgrepet «sektoravgift» blir teke inn i lovteksten, som alternativ til «gebyr». Dette gjev vassdragsmyndigheita ein klar heimel til å vedta forskrift om sektoravgift til dekning av kostnadene med tilsyns- og kontrollarbeidet. Vidare blir det foreslått at omgrepet «kontroll» blir erstatta med «tilsyns- og kontrollarbeid». Endringane vil klargjere at kostnadene ikkje treng å knyte seg til kontroll i snevraste mening.

Det er kostnadene vassdragsmyndigheita har med tilsyns- og kontrollarbeid i vid forstand, som kan krevjast dekte, irekna kostnader til oppgåver og aktivitetar knytte til kontroll, reaksjonsbruk, arbeid med rettleiingar, saksbehandling i samband med godkjenning av detaljplanane til konsesjonæren og regelverksutvikling. Kostnader som vassdragsmyndigheita har pådrege seg før konsesjon er gjeven, vil falle utanfor.

For å sikre NVE tilgang til oppdaterte opplysningar som er nødvendige for berekninga av gebyret eller sektoravgifta, blir det foreslått at forskriftsheimelen også skal omfatte innrapportering av opplysningar som er nødvendige for denne berekninga.

*Endringar i energiloven § 9-6*

Departementet foreslår at omgrepet «sektoravgift» blir teke inn som alternativ til ordet «gebyr». Endringa vil gje beredskapsmyndigheita tydelegare heimel for innkrevjing av sektoravgift til dekning av kostnadene med arbeid med kraftforsyningsberedskap. Det blir også foreslått at omgrepet «utgifter» blir erstatta med «kostnader» for å betre reflektere at det er ressursbruken til beredskapsmyndigheita, og ikkje berre utbetalingar for ytingar, som kan krevjast dekte av KBO-einingane.

For å spegle av verkeområdet til kapittel 9 i energiloven betre, og for å skape betre samanheng med første punktum i føresegna blir det foreslått at gjeldande andre punktum blir endra slik at kostnadene blir utlikna på «de enhetene som omfattes av energiloven § 9-1 første ledd, eller som er utpekt som KBO-enheter i medhold av denne loven», i staden for «eiere og brukere av de anlegg dette kapittelet omfatter».

Vidare blir det foreslått eit nytt andre ledd som gjev departementet heimel til å nærmare regulere innkrevjing av gebyr eller sektoravgift i forskrift. For å sikre NVE tilgang til oppdaterte opplysningar som er nødvendige for berekninga av gebyret eller sektoravgifta, blir det foreslått at forskriftsheimelen også skal omfatte innrapportering av opplysningar som er nødvendige for denne berekninga.

Det blir foreslått eit nytt tredje ledd om at gebyret eller sektoravgifta skal vere tvangsgrunnlag for utlegg, og at det skal svarast forseinkingsrente ved for sein betaling, slik det følgjer av gjeldande vannressursloven § 58 tredje og fjerde punktum.

*Endringar i energiloven § 10-1*

Departementet foreslår at energiloven § 10-1 blir endra ved at heimelen for dekning av kostnader til tilsyns- og kontrollarbeidet knytte til energiloven kapittel 3 og 5 blir skilde ut i eit nytt sjuande ledd, og at det blir presisert at kostnadene kan krevjast dekte anten gjennom gebyr eller sektoravgift. Det blir foreslått at departementet kan gje nærmare føresegner om gebyret eller sektoravgifta. For å sikre NVE tilgang til oppdaterte opplysningar som er nødvendige for berekninga av gebyret eller sektoravgifta, blir det foreslått at forskriftsheimelen også skal omfatte innrapportering av opplysningar som er nødvendige for denne berekninga.

For å reflektere betre at det er ressursforbruken til NVE, og ikkje berre utbetalingar for ytingar, som kan krevjast dekte av konsesjonærene, blir det foreslått at omgrepet «utgifter» blir erstatta med «kostnader» når det gjeld tilsyns- og kontrollarbeid knytt til energiloven kapittel 3 og 5.

Gebyret eller sektoravgifta skal gå til dekning av kostnadene med «tilsyns- og kontrollarbeid». Det er kostnadene NVE har med tilsyns- og kontrollarbeid i vid forstand, som kan krevjast dekte. Under dette kjem mellom anna kostnader til oppgåver og aktivitetar knytte til kontroll, reaksjonsbruk, arbeid med rettleiingar, saksbehandling i samband med godkjenning av detaljplanane til konsesjonæren og regelverksutvikling. Kostnader som NVE har pådrege seg før konsesjon er gjeven, fell utanfor.

Det blir foreslått eit nytt åttande ledd om at gebyret eller sektoravgifta skal vere tvangsgrunnlag for utlegg, og at det skal svarast forseinkingsrente ved for sein betaling, slik det følgjer av gjeldande vannressursloven § 58 tredje og fjerde punktum.

Olje- og energidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i vassdragsreguleringsloven, energiloven og vannressursloven (kostnadsdekning for tilsyn og kontroll).

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i vassdragsreguleringsloven, energiloven og vannressursloven (kostnadsdekning for tilsyn og kontroll) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

# til lov om endringer i vassdragsreguleringsloven, energiloven og vannressursloven (kostnadsdekning for tilsyn og kontroll)

### I

I lov 14. desember 1917 nr. 17 om regulering og kraftutbygging i vassdrag skal

§ 31 lyde:

§ 31 *Tilsyn og kontroll*

Konsesjonæren må tåle den kontroll med overholdelsen av de fastsatte betingelser i konsesjonen eller i medhold av denne som departementet finner nødvendig. *Til dekning av kostnader til tilsyns- og kontrollarbeid innkreves gebyr eller sektoravgift.*

*Departementet kan gi forskrift om gebyr eller sektoravgift, og om innrapportering av opplysninger som er nødvendige for beregning av gebyret eller sektoravgiften.*

*Gebyret eller sektoravgiften er tvangsgrunnlag for utlegg. Betales ikke sektoravgiften eller gebyret til forfallstid, svares deretter rente som fastsatt i medhold av lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. § 3 første ledd.*

### II

I lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. blir det gjort følgende endringer:

§ 9-6 skal lyde:

§ 9-6 *(Gebyr eller sektoravgift til dekning av kostnader)*

Beredskapsmyndigheten kan kreve gebyr eller sektoravgift fra enheter i KBO til dekning av kostnadene ved beredskapsmyndighetens arbeid med kraftforsyningsberedskap. *Kostnadene utlignes på de enhetene som omfattes av energiloven § 9-1 første ledd, eller som er utpekt som KBO-enheter i medhold av denne loven.*

*Departementet kan gi forskrift om gebyr eller sektoravgift, og om innrapportering av opplysninger som er nødvendige for beregning av gebyret eller sektoravgiften.*

*Gebyret eller sektoravgiften er tvangsgrunnlag for utlegg. Betales ikke sektoravgiften eller gebyret til forfallstid, svares deretter rente som fastsatt i medhold av lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. § 3 første ledd.*

§ 10-1 overskriften skal lyde:  
*(Tilsyn og kontroll)*

§ 10-1 første ledd fjerde punktum skal lyde:

*Kostnadene til kontroll knyttet til § 4-2 skal betales av konsesjonæren.*

§ 10-1 nytt syvende og åttende ledd skal lyde:

*Til dekning av departementets kostnader til tilsyns- og kontrollarbeid etter kapittel 3 og 5, innkreves et gebyr eller en sektoravgift. Departementet kan gi forskrift om gebyr eller sektoravgift og om innrapportering av opplysninger som er nødvendig for beregning av gebyret eller sektoravgiften.*

*Gebyret eller sektoravgiften er tvangsgrunnlag for utlegg. Betales ikke gebyret eller sektoravgiften til forfallstid, svares deretter rente som fastsatt i medhold av lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. § 3 første ledd.*

### III

I lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann skal:

§ 58 lyde:

§ 58 *(Gebyr og sektoravgift for tilsyn og kontroll med vassdragstiltak)*

Vassdragsmyndigheten kan gi forskrift om gebyr eller sektoravgift til dekning av tilsyns- og kontrollarbeid med vassdragstiltak, og om innrapportering av opplysninger som er nødvendige for beregning av gebyret eller sektoravgiften. *Satsene skal settes slik at gebyrene eller sektoravgiftene samlet ikke overskrider vassdragsmyndighetens kostnader med tilsyns- og kontrollarbeidet og til tiltak etter § 40 første ledd annet punktum. Gebyret eller sektoravgiften er tvangsgrunnlag for utlegg.*



Betales ikke gebyret *eller sektoravgiften* til forfallstid, svares deretter rente som fastsatt i medhold av lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. § 3 første ledd.

IV

Lova gjeld frå den tida Kongen fastsett.







